

Til Norsk kulturråd
Postboks 101 Sentrum
0102 OSLO

Norske kulturbygg er eit tenesteapparat for forretningsverksemd innan Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag og søker med dette om stønad stor kr. 700 000 til eit arbeid med å dokumentera den økonomiske verksemda i dette som ein gjerne kallar Norskdomsrørsla. Vidare ønskjer ein å få synleggjort ut frå ymse vinklar kva denne økonomiske verksemda har hatt å sei for det kulturelle, politiske og sosiale arbeidet som organisasjonane har drive i eit nasjonalt perspektiv.

Det er skrive mykje godt historisk stoff om den kulturelle verksemda i rørsla, men lite eller ingen ting der den økonomiske delen av arbeidet blir sett inn i eit nasjonalt perspektiv som ein del av ein heilskap. Me har fleire folkerørslar som har hatt tilsvarende verksemd, misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, arbeidarrørsla og landbruksorganisasjonane er døme på det. I eit vedlegg har me lagt vinn på å syna glimt frå den omfattande aktiviteten heilt frå starten for snart 150 år sidan.

Rørsla vaks fram under heilt andre økonomiske vilkår enn me har i dag. Mellom anna var det svært lite å henta av offentlege midlar til arbeidet.

Nedanfor har me lista opp dei viktigaste tema som ein tenkjer å gå inn i:

- Den økonomiske verksemda som ein viktig del av nasjons- og demokratibyggginga i tida før og etter unionsoppløysinga i 1905.
- Tre hovudføremål:
 1. Økonomi (Felleskapstenking i lokalt og nasjonalt perspektiv)
 2. Profil. Språk, Kultur, Folkeopplysing, konseptutvikling/kvalitetsarbeid
 3. Hus til verksemda
- Skolar: Framhaldsskole, folkehøgskole, landsgymnas og ulike typar fagskolar
- Teater, trykkeri, forlag, aviser og bladtiltak
- Kaffistover og Bondeheimar (Kaféar og hotell)
- Kvinnearbeidsplassar
- Personar som har hatt mykje å sei for rørsla
- Rusdebatten i lagsbruka. Bakgrunn og konsekvensar.
- Merkevarabygging. Kaffistova i norsk litteratur
- Arkitektur/utsmykking
- Økonomiske rammevilkår med rekneskapsanalysar.
- Profesjonaliseringsbehovet for lagsbruka i tida etter 1950.

Ressursbruken er planlagt slik: Personar med bakgrunn i rørsla vil arbeida med innsamlings- og dokumentasjonsarbeidet. Ein historikar vil få oppgåva med gi

dokumentet eit fagleg perspektiv. Norske kulturbygg har lenge hatt samarbeid med Grete Swensen vei Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) for å førebu eit slikt arbeid, og me ser fram til at ho kan delta i dette vidare.

Stoffet vil kunna gjerast tilgjengeleg på nett og i pdf-format etter kvart som det er klart. Om det ferdige produktet skal gjevast ut i bokform, må avgjerast seinare.

Budsjett:

1. Dokumentasjonsinnhenting	Kr. 425 000
2. Faghistoriske ressursar	Kr. 180 000
3. Reiseverksemd innsamlingsarbeid	Kr. 155 000
4. Materiell/utstyr/rekvisita	Kr. 35.000
5. <u>Arbeidsplass</u>	<u>Kr. 40.000</u>
<u>Sum kostnad</u>	<u>Kr. 835 000</u>

Finansiering:

1. Tilskot frå Norsk kulturråd	Kr. 700 000
2. <u>Eigne midlar</u>	<u>Kr. 135 000</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>Kr. 835 000</u>

Oslo den 1. desember 2009

Norske kulturbygg
Anders Slaatsveen
dagleg leiar